



## MØTEINNKALLING

---

**Utval:** Arbeidsmiljøutvalet  
**Møtedato:** 18.02.2019  
**Møtetid:** Kl. 13.00  
**Møtestad:** Kommunehuset

---

*Varamedlem skal ikkje møta utan nærare innkalling*

Forfall til møtet må meldast snarast råd til sørvissenteret (tlf. 56 58 74 00 eller e-post [postmottak@samnanger.kommune.no](mailto:postmottak@samnanger.kommune.no)), som vil kalla inn varamedlem.

Me ber om at alle som kan vera ugilde i ei eller fleire saker på sakslista melder frå om dette til sørvissenteret.

Arild Røen  
Leiar av utval

**SAKLISTE****Saker til handsaming på møtet**

<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsak</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Merknad</b>
001/2019	19/186	Faste saker	
002/2019	19/181	Val av leiar 2019 i arbeidsmiljøutvalet	
003/2019	19/181	Årsrapport 2018 for arbeidsmiljøutvalet	

**Oversikt faste saker**

- Godkjenning av innkalling og sakliste
- Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte
- Delegerte vedtak/referatsaker
- Utvalet sitt kvarter



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Linda-Sofie Frøland	<b>Arkivkode:</b> FE-033
<b>Arkivsaksnr:</b> 19/186	<b>Løpenr:</b> 19/1261
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

### SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Arbeidsmiljøutvalet	18.02.2019	001/2019

### Faste saker

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

#### Oversikt over faste saker:

Godkjenning av innkalling og sakliste.  
 Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte.  
 Delegerte vedtak/referatsaker.  
 Utvalet sitt kvarter.

#### Oversikt over innmelde referat-/orienteringssaker:

- Sjukefråvær 2018
- Organisasjonsendring
- Avviksrapport
- Konfliktsak
- Informasjon frå bedriftsehlsetenesta



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Jan Erik Boge	<b>Arkivkode:</b>
<b>Arkivsaksnr:</b> 19/181	<b>Løpenr:</b> 19/1220
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

### SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Arbeidsmiljøutvalet	18.02.2019	002/2019

### Val av leiar 2019 i arbeidsmiljøutvalet

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

#### Dokument som ikkje er vedlagt:

Arbeidsmiljølova, Forskrift om organisering, ledelse og medvirkning m/Arbeidstilsynet sine kommentarar.

#### Kva saka gjeld:

Arbeidsmiljølova § 7-1 inneheld reglar for Arbeidsmiljøutval (AMU). Det går fram av lova at leiaren for AMU skal veljast vekselvis frå arbeidsgjevaren og arbeidstakarane sine representantar.

Det går fram av Arbeidstilsynet sine kommentarar til § 3-12 i Forskrift om organisering, ledelse og medvirkning at valperioden for leiarvervet er 1 år. Det går der også fram at leiaren skal veljast av og mellom representantane for den parten som skal ha leiarvervet i den komande perioden.

Arild Røen (H) har vore leiar i AMU det siste året, d.v.s. i kalenderåret 2018. Det er derfor arbeidstakarrepresentantane som skal ha leiarvervet i AMU i 2019.

Arbeidstakarrepresentantane i AMU bør 19.02.2019 velja kven som skal ha leiarvervet i 2019.



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Linda-Sofie Frøland	<b>Arkivkode:</b>
<b>Arkivsaksnr:</b> 19/181	<b>Løpenr:</b> 19/1225
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

### SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Arbeidsmiljøutvalet	18.02.2019	003/2019

## Årsrapport 2018 for arbeidsmiljøutvalet

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til årsrapport 2018 for arbeidsmiljøutvalet vert vedteke.

### Dokument som ikkje er vedlagt:

Arbeidsmiljølova, Faktaside/rettleiars frå Arbeidstilsynet

### Kva saka gjeld:

Arbeidsmiljøutvalet har etter § 7-2 pkt. 6 i Arbeidsmiljølova plikt til å laga årsrapport over sine aktivitetar. Det er Arbeidstilsynet som gir nærare reglar om innhaldet i årsrapporten og utforminga av den. På Arbeidstilsynet sine internettsider er det opplyst at Arbeidsmiljøutvalet står fritt i utforminga av rapporten, men at den bør innehalda følgjande element:

- *Fakta om utvalget: Dato for opprettelse av utvalget, antall stemmeberettigede medlemmer, om bedriftshelsetjenesten er medlem, hvilken part som har hatt formannsvervet det siste året og hvor mange møter som har blitt holdt.*
- *Hovedpunktene i utvalgets arbeid: Kort beskrivelse av hvilke oppgaver de har hatt, og hvordan de har deltatt i virksomhetens HMS-arbeid.*

### Vurderingar og konsekvensar:

Rådmannskontoret har utarbeidd framlegg til årsrapport for 2018. Forslaget er på same måte som dei siste åra lagt opp på "minimumsnivå", d.v.s. at den berre inneheld dei elementa som Arbeidstilsynet har teke med i lista ovanfor. Framlegget følgjer på neste side.

**FRAMLEGG TIL ÅRSRAPPORT FRÅ ARBEIDSMILJØUTVALET  
I SAMNANGER KOMMUNE 2018**

1.	FAKTA OM UTVALET	
	Medlemmer med stemmerett Andre med møterett	6 · Representant frå Bedriftshelse1 · Sekretær (rådgjevar til og med møte nr. 3/2018, leiar løn/personal frå og med møte nr. 4/2018).
	Formannsverv 2018 Tal møte i 2018	Arbeidsgjevarsida (Arild Røen) 4

2.	UTVALET SITT ARBEID I 2018	
	<p>Det var ingen utskiftingar av faste representantar i AMU i 2018.</p> <p>Faste representantar i AMU i heile 2018 var:</p> <p>Arild Røen (leiar - folkevald – H) Øyvind Røen (folkevald – Sp) Charlotte Hageberg (rådmann) Åse Waage Tveit (hovudverneombod) Oddrun Lemme Sandvin, (Fagforbundet) Hilde Maraas Aarvik (Utdanningsforbundet)</p> <p>AMU hadde totalt 7 saker oppe til behandling på møta i 2018 (i tillegg til faste saker som godkjenning av møteinnkalling etc). I tillegg har ulike forhold relatert til arbeidsmiljø vorte tatt opp til informasjon/diskusjon under "Orienteringar/meldingar".</p>	
	Arbeid og oppgåver etter § 7-2 i Arbeidsmiljølova	<p>Val av leiar i AMU 2018 (gjort i møte 19.02.2018). Gjennomgang av sjukefråværsstatistikk (sak 4, 7, 9 og 12/2018). Reetablering av varslingsgruppa og revisjon av varslingsrutinar (sak 5/2018). Vurdering om innføring av lokale arbeidsmiljøutval (sak 10/2018). Uttale frå arbeidsmiljøutvalet til framlegg til budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2021 (sak 13/2018) AMU har i 2018 gått gjennom og diskutert ulike tema/skriv/ meldingar knytt til arbeidsmiljø, helse, miljø og tryggleik, mellom anna: Val av hovudverneombod Avviksmeldingar – diskusjon og informasjon om kommunen sitt avvikssystem Spørsmål om arbeidsmiljøutval/samarbeidsmøte i større einingar Orientering frå bedriftshelsetenesta om årsmøteplan og arbeidet deira for kommunen Orientering om arbeidssituasjonen på kommunehuset Orientering om arbeidssituasjonen på sjukeheimen Orientering om elektronisk avvikssystem Orientering om vurdering om endringar i IKT-driftsform Orientering om status for bygging av nytt bufellesskap Orientering om status for arbeidet med revisjon av varslingsrutinar Orientering frå bedriftshelsetenesta Orientering om elektronisk avvikssystem for tilsette - status Orientering om status for arbeidet med overføring av kommunen si IKT-drift til IKT Nordhordland (IKTNH) Orientering om status for prosjektet med bygging av nytt bufellesskap på Skottabakken Orientering om status for arbeidet med revisjon av varslingsrutinar Orientering om arbeidet med budsjett 2019/økonomiplan 2019-2022 Informasjon om kampanje om kartlegging av risiko for vald og truslar Orientering om medarbeiderundersøking</p>

	<p>Orientering om brukarundersøkingar Informasjon frå bedriftshelsetenesta Orientering om avviksmeldingar Status byggeprosjekt nytt bufellesskap på Skottabakken Orientering om konsulentrapport etter gjennomgang av kommunale tenester i Samnanger Kommune Orientering om møteoffentlegheit i arbeidsmiljøutvalet Orientering om sak som må utsetjast til neste møte</p>
--	----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

<b>3.</b>	<b>HANDLINGSPROGRAM FOR HELSE, MILJØ OG TRYGGLEIK</b>
	Opplysningar om kommunen sitt HMT-system (inkludert arbeid med handlingsplanar i einingane) er teke inn i HMT-handboka m/vedlegg.